

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016

Anne Beth Njærheim (V) og Kjetil Hestad (A) stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlemer i Bømlo vegselskap AS. Geir Angeltveit (V) stilte spørsmål om han var ugild fordi han har møtt som varamedlem i styret for det same bompengeselskapet.

Njærheim, Hestad og Angeltveit gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim, Kjetil Hestad og Geir Angeltveit var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Dei ugilde representantane gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune aukar sjølvskuldnnargarantien for Bømlo Vegselskap AS til 600 mill. kr.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 600 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2030.